

Prosedyre rundt oppstart for flyktningbarn i barnehage

«Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn»

Tiltak/behov	Ansvar
Barn frå flyktningfamilie får tildelt plass i barnehagen etter søknadsprosess er gjennomført.	Barnehagemynde tar kontakt med styrar i den aktuelle barnehagen. Og hjelper med søknadsprosessen.
Foreldre fyller ut samtykkeskjema for samarbeid mellom tenestene	Programrådgjevar i Flyktningetenesta fyller ut sammen med foreldre og tolk.
Avtale første møte med barn og foreldre i barnehagen	Programrådgjevar tar kontakt med den aktuelle barnehage.
Barn og foreldre kjem til barnehagen på besøk, sammen med programrådgjevar <ul style="list-style-type: none"> • Sjå barnehagen og bli litt kjent med 1-2 vaksne • Barnet leikar, blir litt kjent ute/inne (tilpasse alder) • Avtale neste oppmøte i barnehagen • 	Pedagogisk leiar Styrar Programrådgjevar <u>Tolk:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen bestiller og dekkjer tolk • Tolkeloven
Barn og foreldre kjem til barnehagen <ul style="list-style-type: none"> • Startsamtale med foreldre med tolk (programrådgjevar kan delta ved behov) • Barn og foreldre er ei stund i barnehagen • Førebu foreldre på at barnet kan prøve seg åleine ei kort stund når dei ser at det er mogleg (tilpasse alder) 	Pedagogisk leiar Styrar <u>Tolk :</u> <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen bestiller og dekkjer tolk • Hero tolk • Tolkeloven • Bjørnafjorden kommune har ei refusjonsordning der barnehagane søker om refusjon for bruk av hjelp og støtte i oppstarten. (Ikkje tolkeutgifter) - Inntil 27 000,-
Andre samtaler med foreldre den første tida i barnehagen.	<u>Tolk:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen bestiller og dekkjer tolk • Tolkeloven
Barnehagen treng kompetanseheving og støtte undervegs	Barnehagen tar kontakt med: <ul style="list-style-type: none"> • Kontaktperson i barnehageteam
Betaling av barnehageplass av barn til foreldre som går i introduksjonsprogram.	Faktura sendes til: <ul style="list-style-type: none"> • Fakturaadresse: EHF 844 458 312 • Merkast med ressursnummer: 26101 • Merkast med barnets namn, eller fødselsdato.

Mål

Ein god oppstart i barnehagen både for barn og foreldre som kan skape tryggleik, tillit og legge grunnlaget for samarbeidet vidare

- Ei god rutine i samarbeidet mellom Flyktningtenesta og barnehagen er viktig for tryggleik og trivsel for barnet
- Desse foreldra har ofte vanskar med å skaffe seg oversikt og forståing rundt barnehageoppstart gjennom skriftleg informasjon
- Språkbarrierar og stor kulturforskjell kan gjere det utfordrande både for familien og for barnehagen å bli kjent
- Å få til eit tett tverrfagleg samarbeid i oppstarten vil være ein stor gevinst for barnet og foreldra
- Å bruke tolk er heilt nødvendig i denne fasen, særlig i startsamtaalen der ein kan utveksle kunnskap og avklare forventningar til det beste for barnet

[Digitale ressursar for barnehage og skule i Bjørnafjorden kommune](#)

[Møte med flyktningar i barnehage og skule](#)

[Nafo – nasjonalt senter for flerkulturell opplæring](#)

[UDIR- Flyktninger](#)

[Krig - Kva seier vi til barna?](#)

[Traumeguiden](#)

[Kva er viktig å vite for barnehager om flyktningar?](#)